

# 2. tertial 2015

---

## Økonomistatus for Kvam herad per 2. tertial 2015

Kommunelova §47 omhandlar årsbudsjettet si binding for underordna organ i 1. ledd. 2. ledd seier at dersom det skjer endringar i løpet av budsjettåret som kan få påverknad for dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjer på, skal administrasjonssjefen gje melding til heradsstyret. 3. ledd seier at dersom heradsstyret får ei slik melding, skal det føreta nødvendige endringar i budsjettet. Det same gjeld når heradsstyret på annan måte vert kjend med forhold som kan medføra vesentleg svikt i inntektene eller vesentleg auke i utgiftene i høve budsjettet.

---

## **Innhald**

|     |   |    |
|-----|---|----|
| 1   | Endringar og risikomoment - drift.....  | 3  |
| 2   | Endringar og risikomoment - investering.....  | 5  |
| 3   | Endringar og risikoelement – balanse.....   | 7  |
| 4   | Søknadar om støtte .....  | 8  |
| 5   | Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden desember 2014 – august 2015 ..... | 9  |
| 6   | Økonomisk hovudoversikt - drift.....  | 10 |
| 7   | Rammeområda - drift.....  | 12 |
| 7.1 | Rammeområde, sosiale kostnader.....   | 14 |
| 8   | Økonomisk hovudoversikt - investering .....   | 15 |
| 9   | Prosjektoversikt.....   | 17 |
| 9.1 | Nye prosjekt i tertialen .....  | 19 |
| 9.2 | Endra prosjektrammer i tertialen – innarbeidning av tidlegare vedtak.....           | 19 |
| 10  | Statuskommentar til budsjettvedtak, sak 110/14 .....                                | 21 |
| 11  | Vedlegg .....   | 27 |

# 1 Endringar og risikomoment - drift

2015 vert eit tøft år for økonomien i Kvam herad. I det opprinnelige budsjettet låg det eit meirforbruk på nesten 15 mnok, blant anna som følge av manglende VA-inntekter. I 1. tertial kom det eit kraftig fall i inntektsprognosane. Einingane vart pålagt innsparingar på 5 mnok, men prognosene for netto driftsresultat vart eit meirforbruk på 18,3 mnok. I 2. tertial viser prognosane endå eit stort fall i kraftinntektene på 5 mnok. Ytterlegare innsparingar og auke i inntekter på tilslaman 1,2 mnok fører til at netto driftsresultat vert forverra med 3,8 mnok til eit meirforbruk på 22,1 mnok.

## Frie statlege inntekter

Den nasjonale skatteinngangen hadde ein låg vekst i årets sju fyrste månadar, men veksten i august var sterkt og samla auke frå same periode i 2014 er på 4,6% for kommunane. Dette er om lag på linje med utviklinga i revidert nasjonalbudsjett. Utviklinga i Kvam har ikkje vore like sterkt. Ved utgangen av august har skatteveksten i Kvam vore 0,7 % samanlikna med same periode i fjor. Det er framleis veldig usikkert korleis utviklinga vert for dei 4 siste månadane, der september og november er viktige skattemånader, samstundes med at haustmånadane vert påverka av likning/avrekning for 2014.

Skatteinntektene i Kvam låg per 31.08.15 på 86,6 % av landssnittet. Kommunar med skatteinntekter under 90 % av landssnitt får overført skatteutjamningstilskot. Det er kommunar med skatteinntekter over 100% som må avgje inntekter. Dersom nivået nasjonalt vert under nivået i statsbudsjettet er det risiko for at utjamningstilskotet vert lågare enn det me har budsett. Budsjettet er ikkje endra i tertialen.

For Kvam var skatteinngangen på 123,2 mnok per august mot 122,3 mnok i fjor. Det utgjer 62,7% av justert budsjett på 196,4 mnok mot 63,7% i fjor.

## Kraftinntekter

Kvam herad vidaresel heimfallskraft og konsesjonskraft til spotpris. Heimfallskrafta får kommunen kjøpa til fast pris på 10,6 øre/kWh, medan konsesjonskrafta vert kjøpt av Statkraft, BKK og KK. Prisen per 17.9.15 har vore i overkant 13 øre/kWh i prognosene. I tillegg kjem andre kostnader som gebyr og grunnrenteskatt. I juni, juli og august var spotprisen under 10 øre/kWh, og kommunen fekk då ein netto kostnad på krafta istadenfor inntekter. Det er forventa at spotprisen overstig kjøpsprisane f.o.m. september, men kraftinntektene er ytterlegare redusert i 2. tertial med 2 mnok i konsesjonskraft og netto 3 mnok i heimfallsinntekter.

Estimatet for spotpris er på 19,2 øre/kWh for 2015. Per august er ca. 63% av heimfallskrafta på totalt 106.600 seld, og tilsvarande av konsesjonskrafta på totalt 60.894.

## Lønsoppgjer

I 2015 er det eit såkalla mellomoppgjer, der det berre er sentrale forhandlingar for 90% av lønsmassen. Dei sentrale forhandlingane er ferdige, og tillegga fordelt. Om lag 10% av lønsmassen har berre lokale forhandlingar. Forhandlingane finn stad i september/oktober, og resultatet er difor ikkje kjent.

## Pensjonsutgifter

Pensjonsutgiftene er basert på prognosar frå pensjonsleverandørane som vert omgjort til eit prosentpåslag på lønsmassen. Det er ikkje meldt om endringar i prognosane, men nivået på utgiftene avheng av bl.a. avkastning på fondsmidlar, og vert ikkje kjent før etter årsslutt.

## Rentenivå

Rentenivået til kommunen held fram med å falla i 2. tertial og. Vekta gjennomsnittsrente var per 31.08.15 2,57% mot 2,71% per 31.12.14. På grunn av kommunen sitt høge gjeldsnivå (over 900 mnok), og det låge nivået på fastrentelån, har kommunen inngått ein del lengre rentebindingar. Durasjonen har auka frå 2,02 per 31.12.14 til 2,57 år per 31.08.15.

Det er teke opp 22,2 mnok i startlån frå Husbanken, og 54 mnok i nytt sertifikatlån til ei rente på 1,598%. I tillegg er det per 31.08.15 refinansiert 150 mnok i ein fastrenteavtale på 5 år til 1,615%.

Kvam herad plasserer likvide midlar frå fond og ubrukte lånemidlar i bankinnskot og direkteeigde rentebærande verdipapir utstedt av norske sparebankar. Avkastninga var justert ned til ca 2% i 1. tertial, men årsnivået har falle ytterlegare per august, og er under 1,8% (1,19% per 31.08.15). Det kan medføra at avkastninga vert endå lågare for 2015, men det er ikkje gjort endringar i nivået i 2. tertial.

## Enkeltsaker

I arbeidet med 2. tertial meldte einingane at rammene ser ut til å halda, men at det er utfordrande. Etter at gjennomgangen av rammene var ferdig, er det kome fram at kommunen kan få fleire nye enkeltsaker som krev tiltak og relativt store ressursar. Dette er ikkje teke høgde for, og vil koma som evt. avvik i årsmeldinga for 2015 dersom einingane ikkje klarer å løysa det innanfor gjeldande rammer. Etter at kommunen vart omorganisert og ein fekk større einingar, har ein hatt større høve til å gjera grep iannanfor einiga for desse enkeltsakene.

Dei to rasperiodane i 2014 er enkelthendingar av ein storleik som påverka rekneskapen for 2014 og 2015. Utgiftene kjem både i drift- og investeringsrekneskapen. Klimaendringar aukar sannsynet for at nye slike hendingar og påfølgjande utgifter kan koma i løpet av hausten.

## Innsparingskrav og -tiltak

Det er gjort nokre grep for å betra økonomien i 2015 (innsparingskrav, stillingsvurdering), men inntektsfallet er så stort og har kome så fort på, at kommunen ikkje har klart å snu om på drifta i løpet av året, og alt tyder på at Kvam herad kjem til å gå på ein skikkeleg smell i 2015. Noko skuldast eit mellombels bortfall av inntekter på VA-området, men det er ikkje tvil i at kommunen har store utfordringar med vesentleg lågare inntekter i komande økonomiplanperiode.

I samband med 1. tertial vart det lagt fram eit utkast til økonomiplan 2016-2019 med mål om å ta ned drifta med 40 mnok per år i løpet av perioden. Samstundes med 2. tertial vert det lagt fram ei ny sak for formannskapet med ein plan om ein gjennomgang av drifta til kommunen, i tillegg til nokre forvaltningsrevisionar. Gjennomgangen er eit av tiltaka i utkast til økonomiplan. I tillegg er det lista opp ei rekke andre tiltak i utkastet som må arbeidast med i økonomiplanperioden.

## 2 Endringar og risikomoment - investering

Det meste av investeringsbudsjettet gjeld spesifikke investeringsprosjekt. Det kan verta relativt store endringar i årsbudsjettet på grunn av endringar i tidspunkta for gjennomføring av prosjekta. Rådmannen har fullmakt til å forskyva prosjekt mellom budsjettår, men evt. rammeauke i prosjektet skal handsamast av heradsstyret.

Utanom investeringsprosjekt, ligg kjøp og sal av eigedomar, aksjar, formidling av Husbanklån, utlån av eigne midlar og eigenkapitalinnskot til KLP i investeringsbudsjettet.

Utlån av startlån er redusert med 9,2 mnok i 2. tertial, då det tek tid å vidareformidla Husbanklåna. I tillegg har kommunen motteke 5,6 mnok meir i avdrag på tidlegare formidla lån. Desse midlane vert sett av på øyremnerka fond.

Det er stort aktivitetsnivå på eigedomsforvaltinga, og fleire eigedomar er i ferd med å verta selde, men det er ikkje gjort endringar i 2. tertial. Det kan såleis koma høgare inntekter her enn det som ligg i investeringsbudsjettet for 2015. Inntekter frå eigedomssal skal enten gå til finansiering av spesifikke investeringsprosjekt eller til bustadfeltfond.

Nye investeringsprosjekt skal i størst mogeleg grad handsamt i budsjett/økonomiplan. Hastesaker vert handsama i tertial, eller som enkeltsak ved heilt spesielle høve. Det same gjeld for utviding av prosjektrammer. I denne tertialen er det foreslått nokre endringar i rammer, og det er innarbeidd tidlegare vedtak. I tillegg vert det lagt fram 2 investeringsprosjekt som eigne vedtaksframlegg i tertialen.

### I tertialen er det foreslått å utvida rammene til følgjande prosjekt:

**P16153 – PC skule** er foreslått utvida med 0,2 mnok inkl. mva. for å dekka innkjøp av SMART-tavler. Tavlene var ført på drift, men oppfyller investeringskriterie. Det er difor foreslått å utvida ramma og føra utgiftene i investeringsrekneskapen.

**P61120 – VA-leidning kvammapakken (Skipadalen-Tolo)** er foreslått utvida med 1,15 mnok, finansiert med lån for å dekka prisen på det innkomne tilbodet.

**P61147 – Skutlabergvegen – rassikring og veg** er foreslått utvida med 0,72 mnok, finansiert med fondsmidlar frå tidlegare avsette rasmidlar frå staten.

### Tidlegare vedtak innarbeidd i tertial:

**P19141 – Hardangerbadet** utvida med 20 mnok til aksjekapital i kommunalt føretak, finansiert med lån, i tråd med vedtak.

**P60153 – Vassleidning Strandebarm** – er innarbeidd i tråd med 2,4 mnok i tråd med vedtaket i 1. tertial 2015.

**P61158 – Utviding av vegkryss ved Nhs. VGS** – finansiering er endra til overføring av midlar frå fylket (komp.midlar) i staden for lån, i tråd med vedtak i 1. tertial.

**P62156 – Servicebygg Mundheim** er skilt ut frå P71093 – Oppgradering Mundheim sentrum, som eige prosjekt i tråd med vedtak. I 1. tertial er det opna for at resten av midlane på P71093 kan nyttast til servicebygget, men prosjektet er førebels ikkje endra.

### Andre prosjektkommentarar – framlegg til vedtak:

**P61163 – Øvrige VA-Prosjekt 2015-2016.** Det har tidlegare år vore nokre samleprosjekt for VA der ein har hatt ei ramme for problemstillingar som har oppstått i løpet av året. I påvente av ny plan for avløp og vatn, vart det ikkje oppretta eit slikt prosjekt for 2015. Planprogram er vedteke, men planane vert ikkje klare før i 2016. I mellomtid må det gjerast hastetiltak innanfor vatn og avløp som så langt er teke i drift. Det påfører driftsrekneskapet store utgifter, og er ikkje korrekt då dette er utgifter som er investeringar som overstig kr 100.000, og har ei levetid på over 3 år. Rådmannen ber

difor om at det vert oppretta eit prosjekt med ei ramma på 4 mnok for 2015/16 til desse tiltaka. Prosjektet vert finansiert med sjølvfinansierande lån.

**P61156 – Melstveitvegen.** Prosjektet vart sett på vent i 1. tertial då innkome anbod låg 1,7 mnok eksl.mva, over prosjektramma på 2,2 mnok, eksl.mva. Vegen/muren held på å gli ut, og det er ikkje mogeleg å venta lenger med å gjennomføra tiltaket. Prosjektet er ikkje innarbeidd i tertialen, men ligg som eige punkt i framlegg til vedtak.

Prosjektansvarleg listar følgjande argument for å ta med prosjektet i 2. tertial som eit hastevedtak:

- Det er ein kommunal veg til Melstveit som må vedlikehaldast.
- Deler av vegen og varamur ved Smalanosi står i fare for å rase ut, kommunen må uansett utbetre og sikre dette. Dette bør gjerast no i vinter. Ved berre gjentaking av mur og varamur kan kostnaden fort verta mellom 0,5-1 mnok, og ein vil fortsatt sitje igjen med ein därleg og usikra standard på vegen rundt Smalanosi. Ved ei større oppgradering av vegen kjem ein fri partiet som ligg usikkert på utglidande mur. Ein vil sprenge seg inn i fjell og få eit betre underlag for vegen. Dette er ei mykje meir framtidssretta løysing.
- Ved å utbetra partiet får ein sikra dette betre for bilistar og gåande. Deler av strekket er i dag lite sikra.
- Utretting av partiet ved kryssing av bekk gjer at ein kan nytte vegen for vogntog. Dette legg til rette for bl.a. utnytting av store mengder tømmer (næringsutvikling).
- Oppgradering av det därlegaste partiet kan også gje grunnlag for anna utvikling av Melstveitåsen.
- Så langt har ein nytta midlar til prosjektering, anbodsutlysing, HMS-plan og gjennomgang. Dette i tillegg til eigne resursar til planlegging. Nødvendige avtalar er på plass med nærliggjande grunneigarar langs vegen.
- For å prøve å redusere kostnadane, har grunneigarane også utført dugnad med personell og utstyr. Skog/vegitasjon langs planlagt fjellskjering og veglinje er rydda og køyrt bort kostnadsfritt for Kvam herad. Skulle entreprenør gjort dette hadde det fort vorte ein ekstrakostnad på kr 50 000 - 100 000.
- Ein har no til rådvelde plass for deponering av därlege massar. For å redusere kostnader i prosjektet er det estimert at ein kan selje noko av steinen for 100 000.

### **3 Endringar og risikoelement – balanse**

Endringar i balanserekneskapet til Kvam herad kjem som regel som ein funksjon av endringar i enten drifts- eller investeringsrekneskapet til kommunen. Eit av unntaka er nedskriving av verdien på eit anleggsmiddel. Ordinær avskriving på eit anleggsmiddel vert ført som motpost i driftsrekneskapen, men nedskriving av eit anleggsmiddel vert ført mot kapitalkontoen i balansen.

Kommunen forvaltar anleggsverdiar til om lag 2 milliardar per 31.12.14. Av dette utgjorde aksjar og partar 83 mnok per 31.12.14. Dei største postane er i Kvam kraftverk AS, BKK AS og eigenkapitalinnskot KLP. Postane ligg inne til kjøpsverdi, men i samband med årsskiftet skal kommunen vurdera om verdien skal nedskrivast. Det er ikkje høve til å skriva opp anleggsmiddel til marknadsverdi. Eit viktig element i vurderinga av verdien, er kor vidt aksjekapitalen i selskapet er tapt. I 2015 er det fleire aksjar/andeler kommunen må vurdera om er tapt:

- Stiftinga Hardanger kunstskule ligg inne med 0,2 mnok. Etter at Hardanger kunstskule er avvikla, bør stiftingskapitalen nedskrivast til 0
  - Norheimsund Industriservice AS ligg inne med 0,75 mnok. Rekneskapen for 2014 er ikkje offentleg avlevert endå (frist 31.8.15). Det er inngått ein avtale med Hardanger AKS om eit sal av aksjane til pålydande, men salet avventar ei avklaring på status for selskapet. Selskapet starta opp i 2013, og hadde då eit overskot på kr 63.000 og ein eigenkapital på 0,8 mnok.
  - Hardanger AKS ligg med ein aksjepost på kr 10.000 frå tidlegare. Her er det vedteke at kommunen skal skyta inn ny aksjekapital, men denne skal betalast med inntektene frå salet av Norheimsund Industriservice AS, og er ikkje gjennomført endå. Hardanger AKS har hatt fleire år med underskot (sidan 2011), men viser eit overskot på 0,4 mnok i 2014.
  - Norheimsund Industrier AS ligg inne med 5 mnok. Rekneskapen for 2014 er ikkje offentleg avlevert endå (frist 31.8.15), men firmaet har sidan 2009 drive med underskot.
- Revisjonsselskapet til Kvam herad har bedt om ei vurdering på om nedskriving av aksjeposten i rekneskapet til Kvam herad, då rekneskapet for 2013 viser ein negativ eigenkapital på 9,1 mnok.

## **4 Søknadar om støtte**

Kvam herad mottek jamleg søknader om støtte. Søknader vert generelt vist til politisk handsaming i samband med budsjett/økonomiplan, og ikkje handsama i tertialar eller i enkeltsaker. Dette fordi søknader om støtte stort sett går av kommunen sine ordinære driftsmidlar, og ved handsaming av enkeltsaker får ein ikkje eit heilheitleg bilet av politisk prioritering av driftsmidlane til kommunen. Slik den økonomiske stoda til kommunen er, vil tilskot til eksterne aktørar medføra ytterlegare krav til innsparinger i årsverk i drifta.

Søknader til ordinære støtte- og tilskotsordningar vert handsama for seg, innanfor eigne retningslinjer og budsjettrammer.

### **Forskottering spelemidlar**

Det er kome fleire søknader om forskottering av spelemidlar. Desse vil verta handsama i samband med budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019.

## 5 Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden desember 2014 – august 2015

Tabellen under viser vedtak med økonomiske konsekvensar som er gjort av Kvam heradsstyre og formannskapet i perioden desember 2014 – august 2015. Vedtaka er innarbeidd i tertialen.

Vedtaksperioden går attende til desember 2014 av di det i desembermøtet var 2 saker med økonomisk konsekvens som ikkje var del av budsjettvedtaket for 2015

| Møte dato  | Saksnr.    | Sakstittel   | Vedtak i kr | Finansiering   |
|------------|------------|--|-------------|--|
| 16.12.2014 | HST-121/14 | Privatskular – søknad om tilskot                                       | 804.170     | Næringsfond.<br>Kr 100.000 tidlegare innvilga i HST-084/08.<br>Lån kr 150.000, tilskot til betaling av husleige kr 354.170 og tapt stiftingskapital kr 200.000 dekkja av næringsfond.<br>Innarbeidd i driftsbudsjett i 1. tertial. |
| 16.12.2014 | HST-122/14 | Øystese Kraft AS – vidare finansiering av konsesjonssøknaden 2014-2015 | 100.000     | Fond for «Uttak eigenkapital Kvam kraftverk», kto 25300002. Er innarbeidd i investeringsbudsjettet i 1. tertial.   |
| 24.03.2015 | HST-009/15 | Brannsikring av Strandebarmsheimen                                     | 1.125.000   | Lånefinansiert kr 900.000 og mva.kompensasjon kr 225.000. Innarbeidd i invest.budsjett i 1. tertial  |
| 24.03.2015 | HST-016/15 | Tour des fjords – kommunal støtte                                      | 100.000     | Næringsfond.<br>Innarbeidd i driftsbudsjett i 1. tertial.  |
| 16.06.2015 | HST-039/15 | Tilskot til fylket for flygel i Kabuso                                 | 250.000     | Mastefond.<br>Innarbeidd i 2. tertial  |
| 24.08.2015 | HST-057/15 | Kommunal deltaking i Hardangerbadet                                    | 20.000.000  | Lånefinansiert.<br>Innarbeidd i 2. tertial.  |

## 6 Økonomisk hovedoversikt - drift

Økonomisk hovedoversikt – driftsbudsjett 2015, endringar i 2. tertial. Tal i 1.000

| ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT, INKL. PROSJEKT                             |                |                |                                |                 |                    |
|--|----------------|----------------|--------------------------------|-----------------|--------------------|
| DRIFTSINNTEKTER  | Rek 2015, 2T   | Opp.bud 2015   | Budsjett 2015 etter 2. tertial | Forbruk h.i.å % | Endring 2. tertial |
| LN01 Brukarbetalingar  | 16 566         | 23 330         | 23 330                         | 71,0 %          | 0                  |
| LN02 Andre sals- og leigeinntekter                                     | 25 222         | 45 968         | 45 602                         | 55,3 %          | -466               |
| LN03 Overføringer med krav til motyting                                | 34 741         | 63 715         | 73 191                         | 47,5 %          | -31                |
| LN04 Rammetilskot frå staten   | 184 713        | 262 825        | 263 820                        | 70,0 %          | 850                |
| LN05 Andre statlege overføringer                                       | 19 945         | 37 899         | 31 199                         | 63,9 %          | -4 650             |
| LN06 Andre overføringer  | 5 716          | 11 628         | 10 417                         | 54,9 %          | 989                |
| LN07 Skatt på inntekt og formue  | 120 939        | 200 191        | 196 449                        | 61,6 %          | 0                  |
| LN08 Eigedomsskatt   | 21 497         | 43 000         | 43 000                         | 50,0 %          | 0                  |
| LN09 Andre direkte og indirekte skattar                                | 0              | 3 900          | 3 900                          | 0,0 %           | 0                  |
| <b>LN10 Sum driftsinntekter</b>  | <b>B</b>       | <b>429 339</b> | <b>692 456</b>                 | <b>690 907</b>  | <b>62,1 %</b>      |
|  |                |                |                                |                 | -3 308             |
| DRIFTSUTGIFTER   | Rek 2015, 2T   | Opp.bud 2015   | Budsjett 2015 etter 2. tertial | Forbruk h.i.å % | Endring 2. tertial |
| LN11 Lønsutgifter  | 251 134        | 392 513        | 394 538                        | 63,7 %          | 3 258              |
| LN12 Sosiale utgifter  | 77 991         | 116 454        | 115 553                        | 67,5 %          | 524                |
| LN13 Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon | 56 615         | 78 067         | 79 385                         | 71,3 %          | -409               |
| Kjøp av tenester som erstatter kommunal tjenesteproduksjon             | 27 963         | 33 539         | 33 070                         | 84,6 %          | 30                 |
| LN15 Overføringer  | 44 130         | 58 437         | 56 471                         | 78,1 %          | -1 786             |
| LN16 Avskrivningar   | 0              | 37 086         | 37 086                         | 0,0 %           | 0                  |
| LN17 Fordelte utgifter   | 7              | -2 155         | -2 155                         | -0,3 %          | 0                  |
| <b>LN18 Sum driftsutgifter</b>   | <b>C</b>       | <b>457 840</b> | <b>713 941</b>                 | <b>713 947</b>  | <b>64,1 %</b>      |
|  |                |                |                                |                 | 1 616              |
| <b>LN19 BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>                                      | <b>D=B-C</b>   | <b>-28 500</b> | <b>-21 485</b>                 | <b>-23 040</b>  | <b>123,7 %</b>     |
|  |                |                |                                |                 | -4 925             |
| EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER   | Rek 2015, 2T   | Opp.bud 2015   | Budsjett 2015 etter 2. tertial | Forbruk h.i.å % | Endring 2. tertial |
| LN20 Renteinntekter, utbytte og eigaruttak                             | 15 088         | 23 950         | 18 050                         | 83,6 %          | 1 000              |
| LN21 Gevinst finansielle instrumenter                                  | 0              | 100            | 200                            | 0,0 %           | 0                  |
| <b>LN23 Sum eksterne finansinntekter</b>                               | <b>E</b>       | <b>15 088</b>  | <b>24 050</b>                  | <b>18 250</b>   | <b>82,7 %</b>      |
| Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter                       | 6 362          | 24 005         | 24 005                         | 26,5 %          | 0                  |
| LN24 Tap finansielle instrumenter                                      | 0              | 200            | 200                            | 0,0 %           | 0                  |
| LN25 Avdragsutgifter   | 7 035          | 30 200         | 30 200                         | 23,3 %          | 0                  |
| LN27 Utlån   | 0              | 0              | 0                              | #DIV/0!         | -150               |
| <b>LN28 Sum eksterne finansutgifter</b>                                | <b>F</b>       | <b>13 397</b>  | <b>54 405</b>                  | <b>54 405</b>   | <b>24,6 %</b>      |
|  |                |                |                                |                 | -150               |
| <b>LN29 Resultat eksterne finansieringstransaksjoner</b>               | <b>G=E-F</b>   | <b>1 691</b>   | <b>-30 355</b>                 | <b>-36 155</b>  | <b>-4,7 %</b>      |
|  |                |                |                                |                 | 1 150              |
| LN30 Motpost avskrivningar   | 0              | 37 086         | 37 086                         | 0,0 %           | 0                  |
| <b>LN31 NETTO DRIFTSRESULTAT</b>                                       | <b>I</b>       | <b>-26 809</b> | <b>-14 754</b>                 | <b>-22 109</b>  | <b>121,3 %</b>     |
|  |                |                |                                |                 | -3 775             |
| AVSETNINGAR  | Rek 2015, 2T   | Opp.bud 2015   | Budsjett 2015 etter 2. tertial | Forbruk h.i.å % | Endring 2. tertial |
| Bruk av tidligare års regnskapsmessige mindreforbruk                   | 0              | 1 156          | 1 156                          | 0,0 %           | 0                  |
| LN32 Bruk av disposisjonsfond  | 0              | 6 578          | 12 255                         | 0,0 %           | 3 250              |
| LN34 Bruk av bundne fond   | 1 864          | 29 453         | 32 562                         | 5,7 %           | 1 955              |
| <b>LN35 Sum bruk av avsetning</b>                                      | <b>J</b>       | <b>1 864</b>   | <b>37 187</b>                  | <b>45 973</b>   | <b>4,1 %</b>       |
|  |                |                |                                |                 | 5 205              |
| LN38 Avsetninger disposisjonsfond                                      | 2 500          | 2 640          | 2 640                          | 94,7 %          | 0                  |
| LN39 Avsetninger til bundne driftsfond                                 | 398            | 19 793         | 21 224                         | 1,9 %           | 1 431              |
| <b>LN40 Sum avsetning</b>  | <b>K</b>       | <b>2 898</b>   | <b>22 433</b>                  | <b>23 864</b>   | <b>12,1 %</b>      |
|  |                |                |                                |                 | 1 431              |
| <b>LN41 Regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk</b>                  | <b>L=I+J-K</b> | <b>-27 843</b> | <b>0</b>                       | <b>0 #####</b>  | <b>0</b>           |

## **Kommentar til tabell (tal i 1.000 i tabell):**

### **Sum driftsinntekter er redusert med 3,3 MNOK i forhold til vedteke budsjett per 1. tertial**

På øyremarka tilskot frå staten er det venta ein auke på ca 1,7 mnok der 1 mnok gjeld styra tilbod i barnehage, 0,5 mnok er knytt til vidareutdanning av lærarar og 0,3 mnok til LOS ordning.

Refusjonar frå andre kommunar eller fylkeskommune aukar med 0,35 mnok, 0,1 for arbeid med kommunereform og 0,25 knytt til fosterheimar. Frå fylke er det venta ein auke i overføringer til turstiar og kulturminnearbeid på til saman 0,35 mnok. Det som likevel gjer at driftsinntektene totalt sett går ned er reduksjonen i kraftinntekter på heile 5,8 mnok.

### **Sum driftsutgifter aukar med 1,6 MNOK**

LN11 – Lønsbudsjettet på oppvekst aukar med 2,7 mnok. Dette inkluderer 0,75 mnok som er overført frå NAV i samband med tilbod til flyktningar, og auka utgifter til oppgåver finansiert med øyremarka tilskot, samt justeringar for nytt skuleår.

Teknisk eining sitt innsparingskrav på 0,6 mnok er omfordelt frå lønn til andre driftsutgifter. I stabseininga er lønnsutgiftene redusert med 0,35 mnok, dette inkluderer reduksjon i sentral kurspott på 0,2 mnok. Helse og omsorg aukar lønsbudsjettet me 0,4 mnok til psykolog stilling. Denne stillinga vert finansiert av eksterne midlar motteke i 2014.

LN12 – Auke i sosiale kostnader som fylgje av auke i lønn.

LN13 – Innsparingskravet til teknisk er fordelt mellom ulike kontoar innen kjøp av varer og tenester på om lag 0,6 mnok. Arbeid med utvikling av sakssystem for skjenkekontrollen gjev kostnadsauke på 0,15 mnok. Auken er finansiert med avsette fondsmidlar.

LN15 – Kostnader til bidrag livsopphald flyktning er redusert på Nav og midlane er overført til oppvekst (0,75 mnok) til styrking av opplæringstilboden. Reduksjonen i kraftinntektene fører med seg ein reduksjon i heimfallsskatt på 0,8 mnok. Tilskot til flygel i Kabuso aukar overføringerane til fylket med 0,25 mnok. Budsjettet for utbetaling av komp.midlar frå fylket er redusert med 0,5 mnok.

### **Eksterne finanstransaksjoner aukar med 1,15 mnok.**

Ubytte frå Kvam kraftverk og BKK var samla redusert med 1 mnok for mykje i 1. tertial.

Etter nedlegginga av HAKU vert vedtak (HST-121/14) om lån til HAKU reversert med kr 150.000.

### **Netto driftsresultat etter 2. tertial er 3,8 MNOK därlegare enn justert budsjett 2015 etter 1. tertial.**

### **Fondsdisponeringar**

LN33 – Tilskot til flygel (0,25 mnok) vert dekka av Mastefondet. Meirforbruk på 3,0 mnok på 2. tertial vert dekka av disposisjonsfond.

LN34 – Budsjettet er justert for bruk av bundne fond til større og mindre prosjekt som samhandlingsreform, etablering av KFL, ungdomstrinnet i utvikling, velferdsteknologi, psykologstilling, kommunereform, utvikling av sakssystem, VAR og bruk av avsette gåver. Bruk av næringsfond til lån til HAKU, er reversert saman med kompensasjonsmidlar frå fylket på 0,5 mnok. Netto er budsjett for bruk av bundne fond auka med 2 mnok.

LN39 – Det er motteke 0,25 mnok i kompensasjonsmidlar arbeidsgjevaravgift til turstiar. Midlane er tidlegare forskotert av kommunen og vert derfor avsett til næringsfondet. Arbeidet med kulturminneplanen kjem ikkje i gang i 2015, inntekt på 0,2 mnok vert avsett til fond. Ekstra skjønnsmidlar til samhandlingsreforma og velferdsteknologi på 0,85 mnok vert avsett til bundne fond, samt gåver til PLO på 0,1 mnok.

## 7 Rammeområda - drift

Tabellen under viser hovudoversikt drift fordelt på vedteke KOSTRA–tema for Kvam herad. Tal i 1.000

| Hovudoversikt drift 2015 (ekskl. sos.kost og avskr.) Fordelt på Kostra-tema |                            |                          |                    |                 |                 |                 |                    |
|---|----------------------------|--------------------------|--------------------|-----------------|-----------------|-----------------|--------------------|
|   | Forbruk tom 2.tertial 2015 | Forbruk i % tom 2.tertal | Opphavleg budsjett |                 | 2. tertial 2015 |                 |                    |
| Tema (i 1000 kr)  | Netto forbruk 2015         | Netto                    | Brt. utg. 2015     | Netto utg 2015  | Brt. utg. 2015  | Netto utg 2015  | Endring 2. tertial |
| Politisk verksemd   | 1 802                      | 40 %                     | 4 586              | 4 455           | 4 886           | 4 755           | 0                  |
| Adm. og fellesutgifter  | 21 533                     | 71 %                     | 38 675             | 30 508          | 38 425          | 29 919          | -311               |
| Barnehagar  | 31 894                     | 66 %                     | 61 765             | 48 123          | 61 263          | 46 642          | -1 474             |
| Grunnskule  | 71 607                     | 70 %                     | 117 222            | 101 800         | 117 580         | 100 576         | 923                |
| Kommunehelse  | 15 500                     | 65 %                     | 31 596             | 23 893          | 30 168          | 23 452          | -793               |
| Helse- og omsorgstenesta  | 90 157                     | 71 %                     | 164 718            | 127 318         | 166 865         | 118 808         | 287                |
| Sosialteneste og NAV  | 17 084                     | 64 %                     | 28 539             | 26 564          | 30 485          | 26 344          | -87                |
| Barnevern   | 9 454                      | 56 %                     | 17 985             | 16 949          | 17 882          | 16 596          | -349               |
| Bustader  | (4 953)                    | 80 %                     | 8 433              | -6 229          | 8 440           | -6 222          | -11                |
| Plan  | 9 955                      | 209 %                    | 13 490             | 4 774           | 13 391          | 4 675           | -60                |
| Næringsstøtte og komm. forretningsdrift                                     | (2 690)                    | 22 %                     | 19 602             | -12 487         | 18 176          | -3 917          | 4 960              |
| Brann og ulykkesvern  | 5 040                      | 90 %                     | 7 624              | 5 625           | 7 556           | 5 557           | -2                 |
| Samferdsle og grøntanlegg   | 10 857                     | 107 %                    | 14 212             | 10 176          | 15 005          | 10 745          | -207               |
| Vatn avløp og renovasjon/avfall   | 1 706                      | -12 %                    | 28 323             | -14 686         | 28 470          | -14 613         | 0                  |
| Kultur  | 12 293                     | 80 %                     | 25 857             | 15 385          | 26 272          | 15 285          | 0                  |
| Kyrkje  | 3 486                      | 67 %                     | 5 220              | 5 203           | 5 220           | 5 203           | 0                  |
| Skatt og rammetilskot   | (341 592)                  | 65 %                     | 0                  | -529 075        | 850             | -525 478        | 0                  |
| Finans  | (1 448)                    | -5 %                     | 52 865             | 26 405          | 52 865          | 27 278          | -3 400             |
| Komp. For mva i investring  | -                          | #DIV/0!                  | 0                  | 0               | 0               | 0               | 0                  |
| Årets resultat  | -                          |                          | 0                  | -1 156          | 0               | -1 156          | 0                  |
| Motpost avskrivningar   | -                          | #DIV/0!                  | 0                  | 0               | 0               | 0               | 0                  |
| <b>Sum</b>  |                            |                          | <b>640 711</b>     | <b>-116 454</b> | <b>643 800</b>  | <b>-115 553</b> | <b>-524</b>        |

2. tertial 2015 viser nytt budsjett etter endringar i perioden februar til august 2015. Opphavleg budsjett viser vedteke budsjett i HST inkludert justeringar vedteke i budsjettmøtet.

Normalforbruket per 2. tertial er 63,2% på fastløn og 66,7% for jamne utgifter. På grunn av at dei store utgiftene og inntektene ikkje kjem jamleg gjennom året, vil forbruksprosenten ofte avvike frå normalforbruket.

### Andre opplysningar:

Alle sosiale utgifter er tekne ut av tabellen. Budsjettjusteringar på bakgrunn av nye prognosar frå pensjonsselskapa kan medføre store endringane på det enkelte rammeområde. Sidan dette er kostnader som einingane ikkje kan påverke direkte, vert dei halde utanfor denne tabellen. Dei sosiale kostnadene inkluderer pensjon, premieavvik på pensjon, gruppelivsforsikring, arbeidsgjevaravgift, premieavvik av arbeidsgjevaravgift og redusert arbeidsgjevaravgift av trygderefusjon.

Dei vesentlege endringane i lønsnivå vert difor kommentert pr. tema, medan sosiale utgifter vert kommentert for seg.

I 2. tertial 2015 vert alle endringar på rammeområde samla i ein tabell. Endringane vert ikkje spesifisert på den enkelte funksjon i eigne tabellar for kvart område.

#### **Forklaringar til endringar i budsjett etter 2. tertial 2015:**

På tvers av rammeområda: I 1. tertial vart det lagt inn krav om innsparinger på 5,0 mnok fordelt på dei ulike einingane. I 2. tertial er mange av desse krava konkretisert nærmare, noko som medfører justeringar både på tvers av og innanfor rammeområda. I tillegg er det gjort ytterlegare innsparinger i Stab og Oppvekst.

Administrasjon: Det er gjort ytterlegare innsparing på administrative utgifter på 0,3 mnok i tertialen.

Barnehage: Inntektene aukar som fylgje av auke i øyremerka tilskot frå IMDIR på 1 mnok.

Omfordeling av midlar på nytt skule- og barnehageår medfører kostnadsreduksjon på barnehage på 0,5 mnok.

Grunnskule: Omfordeling av innsparingstiltak, tilskotsmidlar og nytt skule- og barnehageår, medfører endringar i ressursbehovet i skule. For hausten 2015 utgjer det ein netto kostnadsauke på 0,9 mnok.

Kommunehelse: Tilskot på 0,6 mnok til grannehjelpa er overført frå funksjon 233 til 234. Lønsutgifter er redusert med 0,1 mnok og fordelt til andre rammeområde innan oppvekst.

Helse og omsorg: Tilskot til grannehjelpa er overført frå funksjon 233 til 234 med 0,6. Sentral kurspott er redusert med 0,2 mnok. I tillegg er budsjettet justert for auke i bruk av bundne fond.

Sosialtenesten og NAV: Auke i bruk av bundne fond.

Barnevern: Utgifter til fosterheimgodgjersle er justert ned med 0,1 mnok, samtidig som refusjonar frå andre kommunar aukar med 0,25 mnok.

Plan: Fordeling av rammeinnsparing.

Næringsstøtte og kommunal forretningsdrift: Reduksjon i kraftinntekter utgjer netto 5,0 mnok.

Samferdsel: Fordeling av rammeinnsparing.

Finans: Auke i aksjeutbytte frå BKK/KK på 1,0 mnok i forhold til justert budsjett 2015. Bruk av disposisjonsfond aukar med 3,0 mnok som fylgje av meirforbruk etter budsjettjusteringar på 2. tertial 2015. Fordeling av innsparingskrav i Teknisk eining var i fyrste omgang ført på ein fellessteneste, men er redusert her, og fordelt på andre KOSTRA-tema (0,6 mnok).

## 7.1 Rammeområde, sosiale kostnader

|                                       | Sosiale kostnader inkludert premieavvik |                                     |                                |                                 |                       |                         |
|---------------------------------------|---|-------------------------------------|--------------------------------|---------------------------------|-----------------------|-------------------------|
|                                       | Rek 14<br>(netto)                       | Forbruk<br>tom<br>2.tertial<br>2015 | Forbruk i<br>% tom<br>2.tertal | 2.tertial 2015 rev.<br>budsjett | Opphavleg<br>bud 2015 | Endring 2.tert.<br>2015 |
| Politisk verksemd                     | 482                                     | 247                                 | 50 %                           | 499                             | 521                   | 0                       |
| Adm. og fellesutgifter                | -1 997                                  | 4 631                               | 45 %                           | 10 183                          | 4 890                 | 0                       |
| Barnehagar                            | 16 522                                  | 10 918                              | 73 %                           | 15 047                          | 16 219                | -39                     |
| Grunnskule                            | 29 704                                  | 18 709                              | 69 %                           | 26 953                          | 27 341                | 317                     |
| Kommunehelse                          | 5 361                                   | 3 190                               | 66 %                           | 4 835                           | 5 547                 | 50                      |
| Pleie- og omsorgstenesta              | 47 497                                  | 29 506                              | 71 %                           | 41 320                          | 44 702                | 130                     |
| Sosialteneste og NAV                  | 1 966                                   | 1 657                               | 67 %                           | 2 459                           | 2 146                 | 75                      |
| Barnevern                             | 2 820                                   | 1 674                               | 53 %                           | 3 173                           | 3 345                 | 1                       |
| Bustader                              | 766                                     | 636                                 | 90 %                           | 709                             | 734                   | 0                       |
| Plan                                  | 2 605                                   | 1 541                               | 68 %                           | 2 256                           | 2 414                 | 0                       |
| Næringsstøtte og komm. forretningsdri | 609                                     | 342                                 | 65 %                           | 526                             | 564                   | 0                       |
| Brann og ulykkesvern                  | 1 694                                   | 1 060                               | 73 %                           | 1 459                           | 1 559                 | 0                       |
| Samferdsle og grøntanlegg             | 1 386                                   | 1 787                               | 137 %                          | 1 305                           | 1 389                 | -10                     |
| Vatn avløp og renovasjon/avfall       | 1 797                                   | 651                                 | 40 %                           | 1 609                           | 1 682                 | 0                       |
| Kultur                                | 3 343                                   | 1 978                               | 62 %                           | 3 166                           | 3 344                 | 0                       |
| Kyrkje                                | 86                                      | 44                                  | 80 %                           | 55                              | 58                    | 0                       |
| <b>Totalt</b>                         | <b>114 641</b>                          | <b>78 571</b>                       | <b>68 %</b>                    | <b>115 553</b>                  | <b>116 454</b>        | <b>524</b>              |

Sosiale kostnader er ikkje justert for nye prognosar frå pensjonsselskapa, men det er nokon mindre endringar som fylgje av justeringar mellom lønn og driftskostnader.

## 8 Økonomisk hovedoversikt - investering

Økonomisk hovedoversikt – investeringsbudsjett 2015, endringar i 2. tertial. Tal i 1.000

| INVESTERINGSINNTEKTER                    | Rek 2015, 2T   | Opph.bud      | Budsjett 2015    |                    |
|--|----------------|---------------|------------------|--------------------|
|  |                | 2015          | etter 2. tertial | Endring 2. tertial |
| LN01 Sal av driftsmidler og fast eiendom | 2 717          | 2 100         | 2 100            | 0                  |
| LN02 Andre salgsinntekter                | 1 286          | 0             | 0                | 0                  |
| LN03 Refusjoner                          | 3 854          | 14 264        | 14 264           | 0                  |
| LN04 Kompensasjon for mva                | 4 067          | 16 094        | 19 253           | 23                 |
| LN06 Andre overføringer                  | 0              | 1 500         | 2 440            | 940                |
| <b>LN08 Sum inntekter</b>                | <b>L</b>       | <b>11 924</b> | <b>33 959</b>    | <b>38 057</b>      |
|  |                |               |                  | <b>963</b>         |
| INVESTERINGSUTGIFTER                     |                |               |                  |                    |
| LN09 Lønnsutgifter                       | 148            | 176           | 176              | 0                  |
| LN10 Sosiale utgifter                    | 22             | 65            | 65               | 0                  |
| Kjøp av varer og tenester i              |                |               |                  |                    |
| LN11 komunal eigenproduksjon             | 44 364         | 193 674       | 212 315          | 4 543              |
| Kjøp av tjenester som erstatter          |                |               |                  |                    |
| LN12 egenproduksjon                      | 0              | 1 500         | 1 500            | 0                  |
| LN13 Overføringer                        | 6 092          | 19 042        | 22 201           | 23                 |
| LN14 Renteutgifter og omkostninger       | 0              | 0             | 0                | 0                  |
| <b>LN16 Sum utgifter</b>                 | <b>M</b>       | <b>50 627</b> | <b>214 458</b>   | <b>236 257</b>     |
|  |                |               |                  | <b>4 566</b>       |
| FINANSUTGIFTER                           |                |               |                  |                    |
| LN17 Avdragsutgifter                     | 1 463          | 2 000         | 2 600            | 600                |
| LN18 Utlån                               | 8 480          | 20 000        | 13 100           | -9 200             |
| LN19 Kjøp av aksjer og andeler           | 1 645          | 1 700         | 21 700           | 20 000             |
| LN21 Avsatt til ubundne investeringsfond | 1 747          | 2 100         | 2 100            | 0                  |
| LN22 Avsetninger til bundne fond         | 0              | 3 764         | 8 764            | 5 000              |
| <b>LN23 Sum finanstransaksjonar</b>      | <b>N</b>       | <b>13 335</b> | <b>29 564</b>    | <b>48 264</b>      |
|  |                |               |                  | <b>16 400</b>      |
| <b>LN24 Finansieringsbehov</b>           | <b>O=M+N-L</b> | <b>52 039</b> | <b>210 063</b>   | <b>246 464</b>     |
|  |                |               |                  | <b>20 003</b>      |
| FINANSIERING                             |                |               |                  |                    |
| LN25 Bruk av lån                         | 16 710         | 176 873       | 206 449          | 14 278             |
| LN27 Mottekte avdrag på utlån            | 6 632          | 2 000         | 7 600            | 5 600              |
| LN31 Bruk av bundne driftsfond           | 3 970          | 9 470         | 10 595           | 125                |
| LN32 Bruk av ubundne investeringsfond    | 1 695          | 19 520        | 19 620           | 0                  |
| LN33 Bruk av bundne investeringsfond     | 0              | 2 200         | 2 200            | 0                  |
| <b>LN34 Sum finansiering</b>             | <b>R</b>       | <b>29 007</b> | <b>210 063</b>   | <b>246 464</b>     |
|  |                |               |                  | <b>20 003</b>      |
| <b>LN35 Udekkja/udisponert</b>           |                | <b>23 031</b> | <b>0</b>         | <b>0</b>           |
|  |                |               |                  | <b>0</b>           |

*Kommentar til investeringsrekneskapen (tal i tabell i 1.000):*

### Sum investeringsinntekter auka med 1 mnok i forhold til vedteke budsjett 1. tertial

Auken i inntekter kjem av auke i mva.kompensasjon på ulike investeringsprosjekt (inntekt LN04, utgift LN13). Overføringsinntektene er auka med dei private tilskota til servicebygg på Mundheim (0,7 mnok) og kompensasjonstilskot til vegkryss Norheimsund VGS (0,24 mnok).

### Sum investeringsutgifter er auka med 4,6 mnok i forhold til vedteke budsjett 1. tertial

Auken i utgifter gjeld auka rammer til utviding av prosjektrammer (P16153 – PC Skule, P61120 – Kvammapakken og P61147 Skutlabergvegen) og innarbeiding av tidlegare vedtekne prosjekt (P60153 – Vassledning Strandebarm, P62156 Servicebygg Mundheim/P71093-Oppgradering Mundheim

sentrum). Viser til kapittel om endringar og risikomoment – investering og prosjektoversikt for detaljar.

**Sum finanstransaksjonar er auka med 16,4 mnok i forhold til vedteke budsjett 1. tertial**

Nedbetaling av Husbanklån må aukast litt i høve auka låneomfang, og er foreslått auka med 0,6 mnok i tertialen. Vidareformidling av startlån er redusert med 9,2 mnok. Kjøp av aksjar er auka med 20 mnok for etablering av kommunalt føretak, P19141 – Hardangerbadet.

**Sum finansiering er auka med 20 mnok i forhold til vedteke budsjett 1. tertial**

